

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 29.6.76
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. lll bnr. 1 Skårnes	SAK NR. 343/76
Byggherra/meldar Harald Skårnes	Adr. 5150 Lindås	
Saka gjeld Frådeling - Hyttetomt til Liv og Nils Skårnes		
Vedlegg:		
<p>Søknad om frådeling, datert 14.4.75 m/kartutsnitt 1:5000, datert 10.6.76 situasjonsplan 1:1000 søknad om unntak etter § 6 i strandlova Godkjenning frå fylkeslandbruksstyret, datert 11.7.75 Godkjenning frå Lindås friluftsnemnd, datert 9.4.76 Vedtak i bygningsrådet den 19.5.76 - sak 256/76</p>		
MERKNADER:		
<p>Bygningsrådet handsama søknaden om frådeling av hyttetomt til Liv og Nils Skårnes på møte den 19.5.76 - sak 256/76. Det vart gjort følgjande vedtak:</p> <p>"Bygningssjefen vert beden om, saman med grunneigaren, å finna fram til ei anna plassering av hytte- og nausttomta. Rådet vil prinsippielt gå inn for ei hyttetomt som ikkje har strandline og at den vert plassert mest mogeleg skjerma frå sjø-sida".</p> <p>Den 10.6.76 var det synfaring på eigedomen med grunneigaren, kjøparen og Haukås frå teknisk kontor for om mogeleg å finna fram til ei anna plassering av tomte, slik som nemnt i bygningsrådsvedtaket.</p> <p>Under synfaringa kom det fram at både grunneigaren og kjøparen kunne gå med på at tomte vart trekt ca 20 m opp frå strandlina, elles kunne dei ikkje tenkja seg ei anna plassering enn den det tidlegare var søkt om.</p> <p>Ved at ein trekkjer tomte 20 m attende frå sjøen, vil hytta kunna plasserast i ei nedsenking og vil på denne måten verta skjerma frå strandkanten.</p>		
TILRÅDING:		
<p>I samsvar med vedtekt til § 82, finn bygningsrådet under pkt. 1, siste setning i vedtekta, å gjera unntak for deling av eigedom i samsvar med søknaden, men slik det er teikna inn på kart datert teknisk kontor den 10.6.76 og på følgjande vilkår:</p>		
<ol style="list-style-type: none"> 1. Generalplannemnda skal gjeva si fråsegn til saka. Rådet gjer merksam på at saka må vurderast på ny dersom generalplannemnda får år søknaden. 2. I samsvar med § 66.2 i bygningslova og med atterhald om helserådet og fylkesmannen si godkjenning vert det gjeve/.. 		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Harald Skårnes Liv og Nils Skårnes Fylkesmannen om helserådet	

LINDÅS BYGNINGSRÅD 5100 ISDALSTO	Møtestad Teknisk kontor	Møte dato 29.6.76
Sakshandsamar Haukås	Matr.nr. gnr. 111 bnr. 1 Skårnes	SAK NR. 343/76
Byggherre/meidar Harald Skårnes	Adr. 5150 Lindås	
Saka gjeld Frådeling - Hyttetomt til Liv og Nils Skårnes		
Vedlegg:		
Forts.		
<p>løyve til utslepp av kloakk til minst 5 m under fjæra sjø. Slamavskiljaren skal utførast i samsvar med kloakkforskriftene av 22.4.75, jfr. retningslinene pkt. 3, men med halv dimensjon. Slamavskiljaren skal plasserast slik at den utan vanskar kan tømmast frå tankvogn. Sjølv om løyve til utslepp av kloakk er gjeve, pliktar den som årsakar forureining å svara erstatning etter alminnelege erstatningsreglar. Dersom det skulle syna seg at utsleppet fører til ulempe for naboar eller andre, skal eigar av eigedomen, utan utgift for kommunen, etterkoma dei pålegg som vert sett av helseråd og bygningsråd for å betra på tilhøva.</p>		
3.	I samsvar med § 6 i strandlova skal fylkesutvalet gjeva unntak frå § 2 nr. 1 og § 3 nr. 1 i lova.	
4.	Utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommuneveg skal vera godkjend av teknisk utval etter fullmakt. (§ 66.1) Søknad med kart og vedtak i bygningsrådet vert å senda Teknisk utval v/teknisk kontor.	
5.	Skylddeling kan ikkje finna stad før vilkåra om godkjenning frå andre instansar er ordna.	
VEDTAK:		
Bygningsrådet godkjenner samrøystes tilrådinga som nemnt ovanfor.		
FOR LINDÅS BYGNINGSRÅD	Utskrift sendt til Harald Skårnes Liv og Nils Skårnes Fylkesmannen om helserådet	